

Utval for levekår si handsaming av sak 10/2024 i møte den 13.03.2024:

Handsaming

Frå kommunedirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Rusmiddelpolitisk handlingsplan vert lagt ut på høyring.

Habilitet

Utval for levekår fann representantane Erlend Fardal Lunde og Inga Henjum Halsnes gilde til å delta i handsaminga av saka, jamfør forvaltingslova § 6 første og andre ledd.

Endringsframlegg:

Framlegg frå utval for levekår:

1. Flytte punktet «Sentrumsparkar og anna parkareal, badeanlegg og liknande i sentrum» frå «Inga løyve til» under Skjenkeløyve til punktet «Løyve til skjenking av vin og øl (opp til 22 volumprosent) ved eit enkelt arrangement».

2. Nytt punkt 2 ti tilrådinga frå administrasjonen: Utvalet ber særskilt om synspunkt på korleis ein kan organisere skjenking i lokale i tilknytning til lokal produksjon av øl, sider og vin av druer.

Avrøysting:

Samrøystes

Vedtak

1. Rusmiddelpolitisk handlingsplan vert lagt ut på høyring med slik endring:

Flytte punktet «Sentrumsparkar og anna parkareal, badeanlegg og liknande i sentrum» frå «Inga løyve til» under Skjenkeløyve til punktet «Løyve til skjenking av vin og øl (opp til 22 volumprosent) ved eit enkelt arrangement».

2. Utvalet ber særskilt om synspunkt på korleis ein kan organisere skjenking i lokale i

tilknytning til lokal produksjon av øl, sider og vin av druer.